Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3. Fylke: Hedmark.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Elverum

Emne: Brynet Bygdelag: Sørskogbygda

Oppskr. av: Per Kjønsberg Gard: Øvergård

(adresse): Sørskogbygda G.nr. 180 Br.nr. 47.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Resten: Etter Gjermund Berget, 58 år, Kymmberget. Sørskogbygda, Småbr.

SVAR

1. Det heiter eit bryne - og vi bryner ljåen
Dei eldste bryna folk brugsa var x) korpola-brynet.
(Mange seier Kørkota-bryne). Det var eit „kakk-bryne"
ɔ: Ein tok anna-kvart bryntak på over- og undersida
på ljåen. Desse bryna var av sers finkorna natur-
stein. Desse bryna var til sist slitne på endane
så dei likna ein kløg. Først på kunne ein ikkje
halda det anna ein skar seg i ljåegga.
I 1880-90-åra kom det „strykarbryne" eller
„hener" som dei og var kalla her. Dei var helst
amerikanske, og med dei laut folk læra seg
å stryka ljå-egga. Mest samstundes kom
trysil-bryna i bruk. Dei var av litt grovsanda
naturstein og „tok-på" godt, men gjorde ikkje
så fin egg som dei kunstige amerikanske.
2. Ein brukar ennå trysilbryne dersom ein får
tak i dei, men dei er ikkje i handelen meir
i Elverum. Det kjem av at beste brota nå
er på svensk side av grensa.
Så vidt ein veit finst ikkje god brynestein i
Elverum.
3. All gróvre reidskap vart slipt på rund
slipestein fyrst og brynt etterpå.
(øks, ljå, skjurer, høvelstenner og hoggjarn)

365

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
365

Barberknivar eller rak-knivar, som dei vart kalla her vart fyrst kvesste på ei fin hein og sidan strokne på lærreim. Treskjerarjarn kveste dei på ei senze og sidan på ei finare hein.

5. Senza vart mykje bruka i eldre tider til finare eggjarn. Små senner tok dei med i ei gamal mjölk-kakir ut på jordet og kveste ljåen med etter store steinhogg. Etterpå bruka dei finare bryne.
Somme folk tok med ein liten slipestein, dersom dei hadde lang veg frå der dei slo, så dei slapp å gå heilt heim på garden om ljåen vart slöy.

6. Folk var meir sparsame med ljåslipinga i gamle dogar. Ein gamal slåttar i Kynnberget hadde ein ljå som var så kvass at han slipte berre om kvelden, og då slipte han berre på eine sida. Dei fleste hadde to ljåar som dei slipte fyre dei gjekk inn til måls. Kvar slåttar hadde to „ljåarv". Ville helst slipa kvart skift.

7. Det har vori skikken lenge å ha med to bryner i ei brynbytte ute på jordet Det grove brukar dei fyrst og stryk fint etterpå med eit hardare finkoma bryne, ei fin hein.
Bryner av tre er ikkje kjende nå, men Gjermund Berget segjar at far hans, Henrik Håberget, född ca 1840, fortalde at dei heime i Håberget brukte „smækastikke" og „smaka" ljåen med. Korleis dei fekk sanden til å hanga på stikka visste ikkje Gjermund. Uttrykket „å smaka litt på ljåen har eg höyrt her i grenda og.

3

8. Langt attende i tida har folk her bruka fast ljå som dei „vira" fast til orvet med „ljatåo", tunne lange bjørkeröter som dei grov opp på myrlende. Mange folk hadde myrslåttar og laut nista seg ut for fleire dagar. Dei sette ofte fast ljåen med ei lærreim. Dei hadde då med berre eitt orv, men oftast to eller tre ljåar, som då var kvass-slipte. Seinare, då det kom spanskröyr i handelen, var det vanleg å festa ljåen med det. Andre brukte tunne jarnholkar. Fyrst dei siste 20-30 åra har folk kjöpt seg smale patentholkar med settskrue på.
Som ein skynar laut dei helst slipa ljåen medan han sat på orvet. Dei gjer so ennå, sjölv om dei har berre eit orv til to ljåar.
9. Stuttorv er ukjent i Telverum.
Når ein skal bryna ljåen, set ein fjöra på ljåorvet i bakken, så ljåen kjem opp og ljoodden peikar til högre. So bryner ein undersida på ljåen. (Sida som vender ned når ein slær. Deretter svingar ein ljåen så odden peikar litt til vinstre og bakover mot karen og brynar andre sida. Andre held ljåen omlag like eins heile tida, men lyt då stryka siste sida utan å sjå – frå under ljåen og mot seg.
10. Så lenge folk var vane med å ha berre eitt bryne med seg, bar dei dette i ein „brynbutt" midt bakpå ~~mot~~ ein ~~titt~~ „brei, litt lang krok som var hekta i bukselinninga eller i beltet – om dei hadde noko slikt.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

365

Brynbutten hadde oftast kvadratisk tverrskurd og var gjort av to trestykke som vart sette saman og surra med eit langt neverband. Det var truleg små trenaglar som heldt dei to halvdelane på plass, mest som på eit laggkjerald. (Gjermund Berget sa han hadde høyrt namnet „vägädäßt" på brynbutten, men han visste ikkje kvar namnet skreiv seg frå)

11. Ukjent.

12. Ein feste som nemnt i belte eller i bakstroppa på buksene med ein flat krok.

13. Ein hadde alltid vatn i brynbutten.
Kva dei gamle bruka til sandfeste på ei slik smøkastikke er det truleg uråd å få greie på nå.

14. Mange kallar brynsanden bryngrut.

15. Bryngruten vart bruka mot ringorm på same måten som dei bruka slipesteinsand til det.

16. Har ikkje greid å finna ut noko om det hittil.

17. For 40-50 år sidan var det mange som freista leggja harde slipesteinar i maurtuvar, og eg trur dei gjorde det same med harde bryne.

18. Ukjent nå

19. Somme folk seggjer at dei gamle meisterslåttkarane „sa noko" med same dei tok til med bryninga. „Difor hadde dei så kvasse ljåar".

x) Korpola var av naturstein, og somme meiner dei vart selde på Grundset-marknaden, førde dit frå Orsa i Sverike. (Storms lydskrift er nytta)

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
365